



Det var gong rundt juletreet i to omgongar i Vonheim. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Konklusjonen er den same år etter år: Halve grenda møter fram når det skal haldast julefest i Vonheim. Sondag kveld var det over 40 til stades på festen som har vore avvikla kvart år heilt sidan det intime og koselege forsamlingshuset vart vigsla i 1933.**



13 månader gamle Ida Kristoffersen Øyjord var litt nølande då nissen kom med gåve. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Alt skjer ikkje etter den same leisten som det alltid har gjort, men det meste. Såleis har musikklaget no framført eit juleprogram sidan 1987.

Med eit utval av dei kjende og kjære julesongane avkrefta musikantane igjen skikkeleg dei vedvarande rykta om at korpset nok ikkje har så lenge att. Både veteranane og rekruttane gjorde ein imponerande innsats! Musikklaget er heldigvis seigliva!



Anna frå Münster og Astrid frå Uskedalen har feira jul saman (Foto: Ola Matti Mathisen).

Denne gongen var det Ingebjørg Haugland om las jule-evangeliet medan andaktshaldar Oddbjørg Heimark tolka det på ein livleg og tankjevekkande måte.

- Svært mange menneskje er med i evangeliet og det er stadig noko nytt å finna der. Og evangiliet er ein presang til kvar einskild av oss, sa Oddbjørg, som samanlikna Jesus med keisar Augustus.

- Ikkje mange hadde hørt om Augustus viss han ikkje haddde fått plass i evangeliet, sa andaktshaldaren, som minte oim at to milliardar menneskje feirer bursdagen til Jesus.

Heimark heldt andakt også under julefesten i bedehuset laurdag. Ho er visst snart for uskedeling å rekna.....

Gongen rundt juletreet i to omgongar vart denne gongen leia av Møyfrid Kristoffersen. I følge med henne var det også ein utanlandsk gjest, 18 år gamle Anna Ehlebracht frå Münster i Tyskland som har feira jula saman med Astrid Kristoffersen, også ho 18 år. Anna og Astrid har gått på skulen saman i California og Anna har no fått ei grundig innføring i uskedalske og norske juletradisjonar.

Ein tradisjon knytt til Vonheim-festen er at alle har mat med seg.

Og så kom sjølvsgatt nissen med pakker til dei små. Denne gongen var Vonheim-nissen ein heller ung kar og festleiar Sverre Myklebust engasjerte han straks og klokt nok til å gjere teneste også neste år.

Av Ola Matti Mathisen



Oddbjørg Heimark var også andaktshaldar i Vonheim. (Foto: Ola Matti Mathisen)